



**Saksframlegg**

**Økonomiplan 2017 - 2020 og Årsbudsjett 2017 for Fyresdal kommune**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Formannskap		
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg		
Hovudutval for plan og miljø		
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Arbeidsmiljøutvalet		
Kommunestyret		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Dokument i saka:**

Formannskapet sitt framlegg til økonomiplan 2017 – 2020 og årsbudsjett 2017

**Bakgrunn for saka:**

Etter §§ 44 og 45 i kommunelova skal kommunestyret kvart år vedtake årsbudsjett for neste kalenderår og økonomiplan for dei neste fire åra.

Grunnlaget for neste års budsjett er inneverande års opprinnelege budsjett og dei langtidsmåla som ligg i samfunnsdelen av kommuneplanen.

**Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 – 2019: ...vi opprettheld og brukar det økonomiske handlingsromet.*

Budsjettarbeidet har i år vore gjennomført på følgjande måte:

- Rådmannen si leiargruppe har vore med i heile prosessen.
- Tillitsvalde har vore informert gjennom heile prosessen.
- Formannskapet har også kome med signal om kva ein skal prioritere.
- Formannskapet legg fram si innstilling i november.
- Innstillinga skal handsamast i ulike organ.
- Kommunestyret gjer endeleg vedtak i desember.

**Generelle føresetnader for budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020:**

- Kommunestyret vedtek nettorammer for kvar sektor
- Hovudutvala vedtek deretter avdelingsvise nettorammer og administrasjonen utarbeider detaljbudsjett.
- Langsiktig del av kommuneplanen og mål for økonomiplanperioden har lege til grunn
- Innsparingstiltak vedteke i 2015 og 2016 innarbeidast etterkvart som dei får effekt
- Det må utvisast stor respekt for budsjetttrammene av den enkelte sektor

## **Driftsbudsjettet:**

Driftsrammene for kvar sektor vert dei same som føregåande år med nokre justeringar:

- Fast løn er budsjettera i samsvar med heimelsoversikt
- Oppretting av disposisjonspottar for hovudutval
- Pensjonspremie for ansatte er budsjettera med 18%
- Auke i diverse kontigentar
- Auka utgifter til hjelpetiltak i barnevernet
- Oppretting av 100% stilling innan pleie og omsorg
- Frivillighetsental i samarbeid med Telemark Lys AS
- Auk i antall gjesteelevar i grunnskulen
- Innarbeiding av ny driftsavtale vedrørende integreringsarbeid
- Tildeling av tilskot til Skeid-arrangement vert lagt til OKO-utvalet
- Leigeavtaler i samband med flytting av kommuneadministrasjon, kyrkjekontor og NAV er innarbeid i budsjettet
- Auk i vedlikehaldsmidlar for bygg og anlegg
- Reduksjon av driftsramme ved mindre bygningsmasse (kommunehus og gardar)
- Auke i driftsmidlar til brannkorps
- Auk i husleige tilsvarande auk i kommunale avgifter og konsumprisindeks
- 10 % auk i kloakkavgifter
- 26 % auk i slamavgifter
- Ingen auk i renovasjonsavgifter
- Reduksjon i feieavgift
- Reduksjon i eigedomsskatt

## **Investeringar 2017:**

- Trafikksikkerhetstiltak i området frå banken til næringshagen.
- Tilrettelegging av nytt bustadfelt Sørbygda
- Opprusting av ventilasjonsanlegg på helsehuset
- Det vil også bli prioritert "små"-investeringar innan:
  - nye elektriske senger på POS
  - inventar på samfunnshuset
  - IKT, både generelt og til undervisning
  - uteområde rundt barnehagen

Det er viktig å merke seg at nye investeringar også krev auke i driftsutgiftene når byggeperioden er over.

## **Økonomiplan 2017 -2019:**

- Oppretthalde driftsnivået i heile perioden
- Fleirbrukshall

## **Konklusjon:**

Ein har stort sett klart å vidareføre driftsrammene for kvar sektor med nødvendige justeringar. Ein ser at innsparingstiltaka som har vore gjennomført i 2015 og 2016 har vore med på å gjere budsjettarbeidet for 2017 enklare og utan dei store endringane i rammene.

Fyresdal kommune har kome godt ut av endringane i statlege overføringar men har også vore del av endringa i eigedomsskatt frå kraftverk som har gjeve reduksjon i inntektene.

Totalt sett ser ein for seg at driftsnivået i hovudsak vert vidareført på same nivå som i dag.

Den store investeringa ein nå står ovanfor er bygging av fleirbrukshall, der ein har innarbeid dette i økonomiplanen med byggestart i 2019. For å ta høgde for driftsutgiftene i etterkant vil det bli sett av midlar på drifta allereie nå. Dette for å vise at ein klarer ei framtidig drift men og for å ikkje auke driftsnivået i nokre år for så å måtte ta nye innsparingsrundar for å kome i havn.

### Innstilling frå formannskapet:

Økonomiplan 2017 – 2020 og årsbudsjett 2020 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre. Nettorammene for kvar sektor i driftsbudsjettet vert som følger:

<b>Sektor</b>	<b>Utgift</b>	<b>Inntekt</b>	<b>Netto</b>
Fellestenesta	16.681.000	3.197.000	13.484.000
Helse og omsorg	57.424.000	14.932.000	42.492.000
Kultur og oppvekst	39.194.000	4.321.000	34.873.000
Plan og teknikk	27.971.000	14.380.000	13.591.000
Finans	19.972.000	124.412.000	-104.440.000

Ketil O. Kiland	
rådmann	Kjersti Bergland
	kommunalsjef økonomi og fellestenester